



**KONGEBIL I FUSA:** Anne Merete Hellebø fekk seg litt av eit sjokk då ho skulle kjøpa ny bil. Kong Harald og Dronning Sonja blei tidlegare køyrd i Volvoen som no rullar rundt i Fusa.

SIDE 24

# Os & Fusaposten

NR. 90 -30. ÅRG. LAURDAG 3. DESEMBER 2016 LAUSSAL KR. 25

[www.osogfusa.no](http://www.osogfusa.no)

NY STOR BUTIKK  
1. ETG AMFI OS

sport

## Alle gode ting er tre

Torsdag vart det klart: Oselvar-handverket er hamna på den historiske og svært prestisjetunge UNESCO-lista. Etter tre søknader lukkast det endeleg. Utnemninga gjev sjølvstolt velfortent heider og ære, og bidreg til å sikra kulturarven. Håpet er også at reiselivet og turistnæringa kan få eit løft.

SIDE 6 og 7





# Oselvar-handverket på UNESCO-lista!

Torsdag vart det klart: Oselvar-handverket er hamna på den historiske og svært prestisjetunge UNESCO-lista.

**KENNETH SVENNINGSEN**  
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Oselvar-handverket var torsdag oppe til vurdering for den internasjonale lista over beste vernepraksisar for verdens immaterielle kulturarv.

Tilsette ved Oselvarverkstaden, støttespelarar og vener sat spente og venta på avgjerda i Addis Abeba i Etiopia, der UNESCOs mellomstatlege komitemøte vart halde.

## Einaste i Nord-Europa

- Dette er svært spennande. Det er tredje gong me har søkt, men denne gongen er me blant tre søkjarar som er positivt innstilte. Magekjensla er god, sa tidlegare dagleg leiar ved Oselvarverkstaden, Åsmund Lien.

I lag med forfattar og oselvar-forkjempar Kjell Magnus Økland fullførte han søknaden i januar i år.

- Det var ein svært omfattande søknad, og eg må vera ærleg å seia at me aldri hadde klart dette om ikkje det var for hjelpa frå Kjell Magnus, seier Lien.

Noverande dagleg leiar i Oselvarverkstaden, Berit Osmundsen, konstaterte at det var ein stor dag for verkstaden.

- Tenk at me er dei einaste frå Nord-Europa som er komne på denne UNESCO-lista. Det er fantastisk.

## Anerkjenning av oselvaren

Kjell Magnus Økland meiner heideren er ei anerkjenning av prosjektet "Redning av oselvaren".

- Alle her har det til felles at me ønskjer å ivareta oselvaren både i høve til byggjetradisjonen og som bruksbåt. Tenk at for eit par og 30 år sidan var det berre Ole Nils Drange og Nils E. Drange som kunne byggja denne båten. Heldigvis kom Oselvarverkstaden i 1997 og sikra

byggjetradisjonen. Takk til Os kommune og alle oselvarens støttespelarar for det, seier Økland.

Han trur også hans ferske bok «Oselvaren - den levande båten» vil få vind i segla no når handverket er på UNESCO-lista.

- Det er klart det. Dette er eit løft for alt som har med oselvaren å gjera. Samstundes er det ein heider til alle som har jobba for å ivareta tradisjonane kring båten. Eit fortent klapp på skuldra til Oselvarlaget og alle som seglar eller brukar båten slik ein skal, smiler Økland.

## Ordføraren: - Først i Norden

Ordførar Terje Søviknes var også med i festlyden. Han seier at dette er ei viktig kulturhistorisk hending for bygda.

- Me var Noregs einaste kandidat, og oselvar-handverket blir no det første i Norden på denne relativt ferske verdsarv-lista. Det er ei viktig verdsetjing av arbeidet som er gjort for å halda i live handverkstradisjonen vår, og å bringa han vidare til neste generasjon, seier ordføraren.

Det følgjer ikkje pengar med utmerkinga, men Søviknes trur at merkemda den lokale båtbyggjartradisjonen får gjennom dette, vil setja Os-bygda på kartet til nye samanhengar.

- I tillegg til den heider og ære som ligg i dette, handlar det også om merkevarebygging og å bli lagt merke til av tilsvarande kulturinstitusjonar internasjonalt. Det kan i neste omgang løfta reiseliv og turistnæring i Os framover, seier Søviknes.

**Noverande og tidlegare dagleg leiar ved Oselvarverkstaden, Berit Osmundsen og Åsmund Lien, hadde god grunn til å smila torsdag ettermiddag.**



## - I dag er vi på jobb som vanleg

- I dag er vi på jobb som vanleg. Vi er stabile folk, smiler dagleg leiar Berit Osmundsen dagen etter at oselvar-handverket hamna på UNESCO-lista.

**JOSTEIN HALLAND**  
jostein@osogfusa.no

Kanskje nettopp der ligg grunnen til at tradisjonen har hamna på UNESCO-lista. Det handlar om båtbyggjarfaget. Alltid. Det staute og det tru.

- Eg håpar dette vil gje Os og oselvaren eit løft, seier Berit om den historiske utmerkinga.

## Måtte slå av telefonen

Torsdag var altså oselvar-handverket oppe til vurdering for den internasjonale lista over beste vernepraksisar for verdas im-



Øksa er den viktigaste reiskapen i Oselvarverkstaden, og Berits forhold til øksa er nærast som eit kjærleiksforhold å rekna.

materielle kulturarv. Etter mange timars venting kom gladmeldinga frå Addis Abeba i Etiopia, der UNESCOs mellomstatlege komitemøte vart halde.

- Kva skjer i Oselvarverkstaden i dag, dagen etter UNESCO-nyhenda?  
- Vi ferdigstiller ein båt Leif

her har akkurat teke til på ein livbåt, og no må du ringja meg opp igjen om ti minutt, for eg må vera med og løfta ein båt opp av sjøen.

Ti minutt seinare er Berits blide stemme tilbake i telefonen.  
- Kva gjorde du i går etter nyhenda kom?

- Eg måtte bare slå av telefonen og gå og leggja meg. I dag er vi på jobb som vanleg. Vi er stabile folk.

## Ny medarbeidar

Berit Osmundsen tok over for Åsmund Lien då Lien gjekk av med pensjon i år. Det gjekk ikkje

lang tid før ho såg seg om etter endå ein medarbeidar.

- Når ein skal leia ein slik plass, er det viktig å vera aktiv i faget. For mykje kontorarbeid kan vera eit hinder for dette. I det siste har eg for det meste drive småarbeid og reparasjonar. No er Vidar Langeland tilsett i ei kombinert stilling der hans bakgrunn som fotograf også kan koma til nytte. I tillegg til å ta papirarbeidet vil han også vera med på dokumentasjon av båtbygging og ta del i arbeid knytt til utstilling med meir.

## Intimt forhold til øks

Øksa er den viktigaste reiskapen i Oselvarverkstaden, og Berits forhold til øksa er nærast som eit kjærleiksforhold å rekna.

- "Hordabilo mi" får ingen låna. Eg har eit nært og intimt forhold til ho. Ho er svært finstilt, eit presisjonsverktøy. Eg bruker ho aldri til grovhugging, ho er for finarbeid. Ho er berre steget frå å vera ein høvel.

Ein annan sentral reiskap i båtbyggjartradisjonen er målestav, eller "Alnastav" som det heiter i oselvartradisjonens tilfelle.

- Alnastaven gir ein indikasjon. Han indikerer sentrale mål og utifrå dei byggjer ein båten. Stavane varierer frå slekt til slekt, og det er alltid ei vurderingssak kor ein går vidare etter at ein har teke utgangspunkt i desse måla. Ein må bruke hovudet. Det er ganske individuelt frå båt til båt.





### Kva er så spesielt med oselvaren?

I tidlegare intervju med Os & Fusaposten prata vi med dåverande dagleg leiar Åsmund Lien. Vi spurte han om hovudforskjellen på ein trebåt av sorten oselvar og ein plastbåt, sett vekk frå det openberre.

- Oselvaren dreg lite vatn. Han dyttar lite vatn føre seg og dreg lite vatn bak seg. I meir enn tusen år har båten vore hovudframkomstmiddelet her på Vestlandet, og det er berre knappe hundre år sidan bilen tok over. I dag handlar bruk av oselvaren om rekreasjon, om det å vera i harmoni med sjøen i ein trebåt ein har brukt generasjonar på å utvikla.

- Tar ikkje kajakk etter kvart over for rekreasjonsbiten i livet på sjøen?

- Kajak har også lang kultur, og for rekreasjon og sport er den eit morosamt fartøy. Men rekreasjonen handlar ikkje berre om å padla eller ro. Det handlar også om bruken. I ein oselvar kan ein også fiska, og eg skulle likt å sjå deg trekkja garn frå ein kajak.

- Vert det seld mange oselvarar til nye kundar?

- Mange nok. Slik har det alltid vore.

Den svært omfattande UNESCO-søknaden vart førd i pennen av Kjell Magnus Økland og Åsmund Lien i januar.



Kjell Magnus Økland, ordførar Terje Søviknes og Norvald Skåtøy venta spent på avgjerda i Etiopia.



## Julemarknad og julegate på Nore Neset



Det er gode tradisjonar for dugnad på Nore Neset. I helga trommar gode krefter i og rundt Nore Neset Aktivitetshus saman julemarknad. (Arkivfoto frå amfi-dugnaden tidlegare i haust)

Me kjenner dei best som arrangørar av Nore Neset-dagane. Til helga inviterer Nore Neset Grendalag og Nore Neset Aktivitetshus til julemarknad.

**KENNETH SVENNINGSEN**  
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Planane om julemarknaden var klare då Nore Neset Aktivitetshus i haust annonserte at det ikkje vart noko av Nore Neset-dagane denne hausten.

På mange måtar vert helgas arrangement i Nore Neset Aktivitetshus og i gymsalen på Nore Neset barneskule som ein liten arvtakar etter Nore Neset-dagane.

- Ein kan nesten seia det slik. Me har ikkje sagt at det ikkje vert fleire NN-dagar, men denne hausten var me klare på at me heller ville satsa på julemarknads-helga no i desember, seier dagleg leiar i NNA, Karin Bøyum.

### Juleverkstad og teater-snutt

Totalt 30 utstillarar har meldt sin ankomst i helga. Utstillarane vil vera å finna både i Symrasalen i NNA og i gymsalen på skulen.

- Så skal me laga ei fin julegate over skuleplassen og i mellom dei to utstillings-plassane. Me trur det skal bli skikkeleg koseleg, seier Bøyum.

Utanfor vert det lagt til rette for hesteriding og grilling. Elles vert det underhaldning med Nore Neset Skulekorps og Nore Neset Grendalag sitt barneteater som vil visa ein snutt eller to frå vinterens komande oppsetjing av Kardemomme by.

- Me samarbeider også med handballgruppa til Nore Neset IL, som arrangerer fleire kampar helga gjennom, så det blir mykje underhaldning i aktivitetshuset denne helga, seier Bøyum.

Ho legg til at det ryktast om at nissen også vil finna vegen i løpet av helga.